
Avtale om vertskommunesamarbeid mellom kommunane

Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.

Samarbeidsavtale om Interkommunal Psykologteneste



Vedtak om vertskommunesamarbeid jamfør kommunelova § 20:	**Dato:**
Kommunestyret i Fyresdal	
Kommunestyret i Kviteseid	
Kommunestyret i Nissedal	
Kommunestyret i Seljord	
Kommunestyret i Tokke	
Kommunestyret i Vinje	

Vertskommunesamarbeid om interkommunal psykologteneste

Samarbeidsavtale om psykologstillingar
Denne avtala er heimla i lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) §§ 20-1, 20-2, 20-4, 20-5, 20-7, 20-8 og 20-10.
Lova gjev samarbeidskommunane høve til å delegere mynde til vertskommunen til å utføre oppgåver og gjere vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

1. Vertskommune og samarbeidskommunar
Avtala er inngått på grunnlag av kommunestyrevedtak i deltakarkommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Avtala omhandlar samarbeid om to felles psykologårsverk, med Seljord kommune som vertskommune.

2. Delegasjon
Kommunestyra i samarbeidskommunane delegerer mynde til kommunedirektøren i eigen kommune, som delegerer vidare til kommunedirektøren i vertskommunen til å gjere vedtak i saker innanfor det aktuelle samarbeidsområdet. Delegasjonen gjeld saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Saker av prinsipiell karakter skal vertskommunen førebu før dei vert sende til politisk handsaming i samarbeidskommunane.

Delegert mynde frå samarbeidskommunane til vertskommunen kan trekkjast attende med direkte verknad.

3. Arbeidsoppgåver og mynde til vertskommunen
Vertskommunen utfører arbeidsoppgåver på vegne av samarbeidskommunane innan fylgjande ansvarsområde retta mot barn og unge:

- Medverke til samordna tenesteutvikling i kommunane i vertskommunesamarbeidet
- Delta i tverrfagleg samarbeid, både primærførebyggjande og i enkeltsaker
- Rettleie faggrupper og profesjonar i kommunane, inkludert Rask psykisk helsehjelp
- Klinisk arbeid

Arbeid kan tilpassast andre aldersgrupper etter vurdering i styringsgruppa (sjå punkt 5).

4. Arbeidsgjevaransvar
Vertskommunen utøver generelt arbeidsgjevaransvar på vegne av samarbeidskommunane.
Rettar og plikter går fram av den signerte arbeidsavtala mellom arbeidstakaren og arbeidsgjevaren.

5. Organisering
Samarbeidet blir organisert med ei styringsgruppe samansett på overordna administrativt nivå (kommunalsjef for helse og omsorg eller tilsvarande) og ei arbeidsgruppe samansett av fagansvarlege innan aktuelle tenesteområde som helsestasjon, psykisk helse, legetenester, barnevern og skule/ barnehage i dei seks deltakarkommunane.
Styringsgruppa møtest minst ein gong årleg for å forankre ei felles tenesteutvikling og drøfte utfordringar og satsingsområde. Samhandlingskoordinatoren er sekretær for styringsgruppa.

Arbeidsgruppa møtest etter behov og etter ein fastsett møteplan. Psykologane har ansvar for innkalling til og planlegging av møta i arbeidsgruppa.

Frammøte- og hovudarbeidsplassen er i vertskommunen. Alle deltakarkommunane har ansvar for å stille kontorfasilitetar med naudsynt utstyr til disposisjon.

For å redusere bruk av arbeidstid til reising, skal bruk av videokonferanse nyttast der dette er tenleg.

6. Rapportering
Det skal orienterast frå psykologtenesta til den einskilde kommune minst ein gong årleg, om drifta og om vedtak som blir fatta av vertskommunen.
Årsmelding og rekneskap skal sendast frå vertskommunen til samarbeidskommunane.

7. Driftsutgifter og kostnadsfordeling
Budsjettet består av lønn og andre driftskostnader som blir fordelt mellom samarbeidskommunane etter innbyggjartal. Vertskommunen skal berekne eit administrasjonspåslag på 5 prosent av det samla refusjonsgrunnlaget. Administrasjonspåslaget skal fordelast med lik del på kvar av samarbeidskommunane og betalast til vertskommunen.

Vertskommunen informerer samarbeidskommunane om budsjett for komande år innan 01.09.
Kostnadsfordeling vert gjort på grunnlag av folketal per 01.01. i budsjettåret.
Vertskommunen er ansvarleg for å sende refusjonskrav til samarbeidskommunane.

8. Iverksetjing, endring og oppseiing av avtala
Overføring av oppgåver og mynde til vertskommunen gjeld frå 01.01.2027.
Endring i denne avtala kan berre gjerast av kommunestyra dersom alle deltakarkommunane gjer likelydande vedtak.
Avtala er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp med eit års varsel etter vedtak i det aktuelle kommunestyret.
Dersom deltakarkommunane er samde om det, kan vertskommunesamarbeidet oppløysast med direkte verknad.

Dato – sign. Fyresdal kommune

Dato – sign. Kviteseid kommune

Dato – sign. Nissedal kommune

Dato – sign. Seljord kommune

Dato – sign. Tokke kommune

Dato – sign. Vinje kommune